

MELAND KOMMUNE  
Meland kommune vass-og avlaupsverk  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Deres ref:  
Vår ref: 2018/016238  
Dato: 18. januar 2018  
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

 Mattilsynet

## Rapportering av vassverksdata for 2017

### Rapportering av vassverksdata for 2017

Du/de har eit vassforsyningssystem, som produserer (eller leverer) minst 10 m<sup>3</sup> drikkevatn pr. døgn. Eller, dersom produksjonen reknast om til personar, forsyner minst 50 menneske eller meir. Dette betyr at du pliktar å rapportere inn vassverksdata (sjå drikkevassforskrifta § 25).

**Frist for å rapportere inn er 15. februar 2018.**

#### Data om vassverket er viktige og brukast av mange aktørar

Godt drikkevatn betyr mykje for samfunnet, og plikta til å rapportere er difor fastsett i forskrift. Dataa hjelper oss i tilsynet med vassverka, og gjev oversikt over vassforsyninga i ein beredskapssituasjon. Mattilsynet leverer òg data til ei rekke andre aktørar, som Statistisk Sentralbyrå, Folkehelseinstituttet og EU. Dataa blir brukt som grunnlag for viktige politiske avgjærder, både lokalt og nasjonalt.

#### Kontroller svara før du sender inn- Slepp å få rapporteringa i retur

Det er viktig at du svarar på alle felta, og sjekkar nøyne at tala er rette. Når det gjeld analyseresultata, må desse leggjast inn med same eininga som er brukt i drikkevassforskrifta. Nokre gonger er resultatet frå laboratoriet gjeve i mikrogram ( $\mu\text{g/l}$ ), medan forskrifter ofte krev at det leggjast inn som milligram (mg/l).

Døme: Oppgjev 200  $\mu\text{g/l}$  jern som 0,2 mg/l jern, sidan 1 mg = 1000  $\mu\text{g}$ . Komma feil, eller at ein legg inn eit tal for mykje eller for lite, skjer ofte. Dette skapar sjølvsagt problem når tala skal brukast.

#### Hugs å fylle ut felta om alternativ-/reservevassforsyning

Desse registreringane viser om du som vassverk tek hand om leveringstryggleiken (sjå forskrifter § 9). Leveringstryggleik inneber at vassverka skal kunne levere trygt og nok drikkevatn til alle abonnentar, både under normalt drift og i situasjonar der ordinær vassforsyning sviktar. Dette er eit krav styresmaktene har hatt og vil ha aukande merksemde retta mot i tida som kjem.

#### Har du hugsa å registrere koordinatane?

Det er obligatorisk å stadfeste inntakspunkt med koordinatar. Verdiene som registrerast skal vere i samsvar med UTM 33. Dette er viktig informasjon som medverkar til at ulike samfunnsaktørar ikkje er uheldige og ureinar vasskjelda.

**Ekstrarundar er ressurskrevande- For både deg og oss**

Viser innrapporteringa seg å ha manglar, vil ho som hovudregel bli sendt i retur. Medan du som let vere å rapportere, risikerer å måtte betale løpende tvangsmulkt. Hjelp oss å gjere Mattilsynet meir effektivt, og lever korrekt innrapportering til rett tid!

Les rettleiinga på [http://www.mattilsynet.no/mat\\_og\\_vann/vann/vannverk/](http://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/vann/vannverk/) før du startar på innrapporteringa.

Med hilsen

Aslaug Sandvin  
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.  
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*